



## Notat

Dato: 26.08.2016  
Arkivsak: 2014/12636-7  
Saksbehandlar: karoen\_

Til:	Administrasjonsutvalet
Fra:	Fylkesrådmannen

### Heiltidskultur i Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune (HFK) har ein intensjon om å utvikle ein heiltidskultur i organisasjonen. Arbeidet med å få dette til har gått over fleire år. Av konkrete tiltak som er sett i verk kan nemnast

- 1) aktivt bruk av lov- og regelverk ved rekruttering
- 2) fokus på arbeid på tvers i eininga/kombistillingar
- 3) kartlegging av uønska deltid
- 4) uønska deltid som fast tema på medarbeidarsamtalen
- 5) prøveordning med intern utlysing av nærmere definerte stillinger

Talet på delstillingar i HFK har gått jamt nedover sidan 2012 og fram til i dag. Pr 1.5.2016 er talet på tilsette i delstilling 1220 mot 1884 i 2012 dvs ein nedgang på 35 % (ein gjer merksam på at i desse tala er medrekna alle typar tilsettingsform; fast, mellombels osv.).

Vi veit at mange som arbeider deltid ynskjer ei slik arbeidstidsordning. Det passar inn i deira personlege val. Ei kartlegging av uønska deltid i HFK utført i 2013 viste at **72 %** av dei som svara på undersøkinga var nøgd med den delstillinga dei hadde. Ei ny kartlegging utført i juni 2016 viser litt same tendensen, men no er det kun **63 %** som er nøgd med å jobbe deltid. Dvs. at den delen tilsette som arbeider uønska deltid har gått opp frå 28 % i 2013 til 37 % i 2016. Men auken er ikkje reell i antall «hoder» sidan deltid har gått vesentleg ned i HFK sidan 2013. Spørjeundersøkinga i 2013 vart sendt til 1255 tilsette i delstilling medan undersøkinga no i 2016 gjekk ut til 1007 tilsette i deltidsstilling. Det er kun fast tilsette som har delteke i undersøkinga.

Utfordringa i forhold til å utvikle ein heiltidskultur i HFK er første og fremst knytt til dei som ønsker seg ein større stillingsprosent. Kartlegginga viser at 75 % av dei som går i uønska deltid ønsker seg heil stilling. Det å ikkje kunne tilby full stilling til dei som går i uønska deltid er ei form for utestenging frå eit fullverdig arbeidstilhøve.

Den største delen av dei som arbeider deltid (77 %) er tilsett i vidaregåande skule. 16 % er tilsett i tannhelsetenesta. Og så mykje som 79 % av dei som arbeider deltid i HFK er kvinner.

At hovuddelen av dei som arbeider deltid er i vidaregåande skule er ikkje overraskande. Vi veit at det er mange delstillingar blant lærarar, blant miljøarbeidarar og innan reinhaldsgruppa.

Utfordringa i høve til ein heiltidskultur er to-delt: 1) å få ned talet på deltid generelt, 2) å få ned talet på uønska deltid spesielt.

Heiltidskultur var eit viktig tema ved tariffrevisjonen i kommunesektoren pr. 1.5.2016. Det er no teke inn i hovudtariffavtalen at kommunar og fylkeskommunar skal utarbeide lokale retningsliner for arbeidet med ein heiltidskultur.

HFK vil sette ned ei arbeidsgruppe som får i oppgåve å utarbeide retningsliner på området. Retningslinene vil bli lagt fram for administrasjonsutvalet når dei ligg føre.

**Vedlegg:** Rapport frå kartlegginga av uønska deltid i HFK